



# Det nyttar å dra i lag



BRUFJORD: M/S Atløy navigerer roleg over ein spegelblank Brufjord, med glade passasjerar om bord. Foto: Florø Rotaryklubb

Av  
Vidar Grønnevik, President i Florø Rotaryklubb (2024-2025)

**Florø Rotaryklubb** gjentok det store spleiselaget også våren 2025!

**Eit nært** og godt samarbeid mellom Rotary og Torvmyrene skule (som har innføringsklassane for framandspråklige elevar som kjem til byen) har resultert i at vi også i 2025 arrangerte tre heildagsturar til Norsk Hjortesenter på Svanøy for å gje eit lite bidrag til at våre nye borgarar skal få ei endå betre integrering i vårt lokalsamfunn.

**Samarbeidet inkluderer** også dette året M/S Atløy som stod for transporten i strålende vårveir, med eit mannskap som bidrog til at både små og store fikk ein opplevingsrik tur over ein spegelblank Brufjord.

**Åse Saunes** og Grethe Amundsen er «primus motorar» i arrangementet og sørger for at alt fungerer knirkefritt frå fordeling av klassar og lærarar som passer med M/S Atløy sin passasjerkapasitet til samordning av kakebaking på mange «Rotary-kjøkken» og fruktinnkjøp slik at små og store passasjerer kan nyte nokre godbitar på turen. I tillegg deltek medlemmer i Florø Rotaryklubb på turen for å bidra til at alt fungerer greit og at alle har det bra på turen.

**Norsk Hjortesenter** har godt tilpassa opplegg for dei små, med foring av hjort, øving med pil og boge, quiz og små smakebitar med råvarer frå hjort.

**Arrangementet hadde** ikkje vært mulig uten gode samfunnsnyttige hjelparar. I særklasse må Sparebankstiftinga i Sogn og Fjordane og Guleslettenefondet nemnast. Dei har begge bidrege med midlar slik at vi, saman med midlar frå Rotary, kom i mål med budsjettet vårt. Stor takk til desse.

**Rotary sitt** motto er «service above self» («å tjene andre framfor seg sjølv»), og vi håpar at vi med arrangement som dette kan gjere ein liten skilnad for born og bidra til mottoet for Rotary.



